



Kopimottakar

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/598 - 15/6582

Saksbehandlar:

Katarina Birkeland

katarina.birkeland@radoy.kommune.no

Dato:

09.06.2015

## Endring av vedtekter til ungdomsrådet

I vedtektene til Radøy ungdomsråd heiter det i § 6 at vedtekta skal takast opp til vurdering av Radøy ungdomsråd og kommunestyre innan 4 år. Vedtekta vart sist endra 21.juni 2012.

Ungdomsrådet har i møte tysdag 12.mai drøfta vedtektene for rådet og gjer framlegg om endringar for disse.

Den første endringa går på presisering rundt jobbsentral for ungdom., § 1 c. Representantane ynskjer å ta bort punkten sidan ung jobb om sommaren har lagt på ungdomskoordinatorstillinga og kultur- og sørvistorget.

Representantane ynskjer å ligge til eit punkt under § 1.

§ 1 e. Leiar og kontaktperson får tilsendt kommunestyredokument frå kommunestyresekretær når det er saker som omhandlar barn og unge i kommunen.

Den tredje endringa gjeld funksjonstida til representantane frå 8 og 9.klasse under § 2 a.

Ungdomsrådet ynskjer å endre funksjonstida frå to år til eit år.

Ein representant for kvar klasse på ungdomsskulesteget med vararepresentant av motsett kjønn.

Minst 40 % av kvart kjønn. Vala skjer i kvar klasse. For representantar i 8 og 9.klasse gjeld vervet for eit år. For representantar frå 10.klassen gjeld vervet for to år. Representantar frå 10 klassen som ynskjer det, kan likevel seia frå seg vervet etter eitt år.

Den fjerde endringa gjeld § 2 b, auke av representantar frå den vidaregåandeskulen. Ungdomsrådet ynskjer å auke frå 4 representantar til 6 representantar. Dei synast dette vil styrke ungdomsrådet og møta med at dei eldste kan være rettleiar for dei yngste. Ungdomsrådet ynskjer også eit større råd, der nokon fråfall som oftast skjer på møta.

§ 2 b Forslag til endringa er: Seks representantar for aldersgruppa 16-19 år. Alle lag, organisasjonar og andre som driv med aktivitet for barn og unge i denne aldersgruppa, kan koma med framlegg på representantar. Formannskapet oppnemner representantane for to år om gongen. Minst 40 % av kvart kjønn. Representantane kan likevel seia frå seg vervet etter eitt år.

Den femte endringa er § 5. Ungdomsrådet ynskjer å ta bytte RadøyNytt med facebook som informasjonside.

§ 5 Ungdomsrådet kan nytta kommunen si heimesida og facebookside som informasjonsorgan.

Med helsing

Katarina Birkeland  
ungdomskoordinator

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*